Kvinnherad kommune
Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL
Tel: 53483100
Fax: 53483130
Org. nr: 964 967 636
Bankgiro: 3460.07.00083
post@kvinnherad.kommune.no
www. kvinnherad.kommune.no

Teigen Bygg & Trelast AS
Opsangervegen 18

5460 HUSNES

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|---|
| Anne Lise Næs Olsen | 53483324 | 2011/2572-13 | 02.08.2012 |

# ENDRINGSLØYVE Delegert vedtak

| | |
|---|---|
| Saka gjeld: | Riving bustadhus, 2-mannsbustad med vinterhage for nordleg bustad |
| Gnr/bnr: | 145/8 |
| Byggestad/adresse: | Rustene 8, 5460 HUSNES |
| Tiltakshavar: | Britt Vevik |
| Ansvarleg søkjar: | Teigen Bygg & Trelast AS |
| Delegert saksnr: | 2012/476 |

## Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 vert endringssøknad journalført 11.04.2012 godkjent med saksnr. 2012/476. Godkjenninga omfattar også tiltaksklassar, kontrollplanar og ansvarsrettar for følgjande funksjonar:

SØK, PRO og KPR: Teigen Bygg & Trelast AS og Kvinnherad VVS AS
UTF og KUT: Teigen Bygg & Trelast AS, Kvinnherad VVS AS, Maskinkompaniet Husnes AS og Ersland Forskaling

2 (BRA = H01 = 120 $m^2$) + 19 $m^2$ vinterhage for nordleg del av 2-mannsbustad

Vilkår:

1. Korrigerte oppdaterte teikningar lyt sendast inn, med vinterhage på 19 $m^2$ for nordleg del av 2-mannsbustad. Dette før ferdigattest kan gjevast.
2. Særavfall lyt deponerast forsvarleg.

Tiltaket kan igangsetjast straks.

---

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell løyvet bort dersom det ikkje er fornya innan utløp av 3-årsfristen. Dersom tiltaket skal endrast i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve, og endringa må vera godkjent før tiltaket vert igangsett.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter vilkåra i forvaltningslova og pbl §1-9. Klagefristen er 3 veker frå motteken melding om vedtaket

## Grunnlag for løyvet

- ü Dispensasjon frå reguleringsføresegner vart gjeve 13.06.2012 i Forvaltningsstyresak 2012/110, for bygging av vinterhage på 19 $m^2$.
- ü Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gjeve i eller i medhald av pbl, herunder vassforsyning, avløp og tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn- og miljøkrav, tekniske og estetiske krav.
- ü Alle deler av tiltaket er dekka av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege foretak.
- ü Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre protestar.
- ü Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndigheter.

## Merknader

- Dette løyvet med vedlegg er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande tilretteleggja for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Dokumentasjon for sluttkontroll og ferdigattest må oversendast kommunen i samsvar med
- Pbl §20-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i denne godkjenninga kan finnast under internettportalen: byggesak.com

For rådmannen i Kvinnherad

Saksbehandlar
Anne Lise Næs Olsen

Kopi til:

Referatsak forvaltningskomiteen

Tiltakshavar

Matrikkelførar - Bygg

Tekniske Tenester